

Utval: Samferdselsutvalet
Møtestad: Fylkesutvalssalen 3. etg., Fylkeshuset
Dato: 12.05.2015
Tidspunkt: 11:00-15.15

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Øyvind Hardeland	Medlem	A
Atle Kvåle	Medlem	A
Anne-Line Innvær	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A
Gustav Bahun	Leiar	FRP
Inger Signe Ulvund	Medlem	FRP
Einar Lutro	Medlem	H
Eli Årdal Berland	Medlem	H
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Jostein Ljones	Medlem	FL SP/MDG
Tom Skauge	Medlem	FL SV/R
Alf Helge Greaker	Nestleiar	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Iiril Schau Johansen	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Wenche Tislevoll	Iiril Schau Johansen	H

Merknader**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Thorbjørn Aarethun	Seksjonsleiar
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Olav Finne	Avd dir SVV
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 47/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 48/15	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 49/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 55/15	Regularitet og driftsavvik Ferjesambandet Hatvik - Venjanaset	2015/2400	
RS 56/15	Trafikkplan og anbudsfristar for Sunnhordland	2015/2400	
RS 57/15	Trafikkulukker i Hordaland	2014/11292	
RS 58/15	Oversendingar til samferdselsutvalet	2015/2400	
RS 59/15	Svar på spørsmål - organisering av bompengerverksemda	2015/3190	
RS 60/15	NTP - oversendelse av grunnlagsdokumenter og nye møtetider for regionale møter	2014/21176	
RS 61/15	Svar på spørsmål - oversyn over planar om veg og bane	2015/3548	
RS 62/15	Opprydding etter utbygging av bybana	2015/85	
RS 63/15	Melding om beredskapsplan ved vedtak om datokøyning	2015/4517	
PS 50/15	Vedk. ferjetilbodet for Austevoll og Varaldsøy	2015/1217	
PS 51/15	Søknad frå Hardanger og Voss museum om løyve for båtrute på strekninga Lofthus - Aga - Utne	2015/3516	
PS 52/15	Tilpassing av ferjetilbodet i Hardanger som følgje av endring i trafikkgrunnlaget	2015/4465	
PS 53/15	Val av standard på fylkesvegane	2015/4672	
PS 54/15	Nedlegging av offentleg veg - Rv.13 utanfor Myrdalstunnelen	2014/11976	
PS 55/15	Kontroll av køyresetlar for drosjenæringa i Bergen køyreområde	2015/4587	
PS 56/15	Innbyggjarinitiativ - Sikker skuleveg, utbetring av Tunesvegen i Arna	2015/1799	
PS 57/15	Belønningsordninga - auka økonomiske rammer for 2015	2014/10571	
PS 58/15	Tidsdifferensierte bompengeretakstar - kollektivtilbod og finansiering	2015/1426	
PS 59/15	Årsmeldingar for fylkesvegane i Hordaland og Bergensprogrammet	2014/505	
PS 60/15	Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - forslag til justering	2015/981	
PS 61/15	Ymse		

PS 47/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

PS 48/15 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

Vedtak

Møteboka frå møte den 15. april 2015 vert godkjent.

PS 49/15 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

M 60/15 Pål Kårbø peika på møtekollisjon med møte i samu.

RS 55/15 Regularitet og driftsavvik Ferjesambandet Hatvik - Venjanaset

RS 56/15 Trafikkplan og anbudsfristar for Sunnhordland

RS 57/15 Trafikkulukker i Hordaland

RS 58/15 Oversendingar til samferdselsutvalet

RS 59/15 Svar på spørsmål - organisering av bompengerverksemda

RS 60/15 NTP - oversendelse av grunnlagsdokumenter og nye møtetider for regionale møter

RS 61/15 Svar på spørsmål - oversyn over planar om veg og bane

RS 62/15 Opprydding etter utbyggjing av bybana

RS 63/15 Melding om beredskapsplan ved vedtak om datokøyning

PS 50/15 Vedk. ferjetilbudet for Austevoll og Varaldsøy

Forslag til vedtak

- 1 Fylkesutvalet tek orientering om status knytt til ferjetilbudet til og frå Austevoll og Varaldsøy til orientering
- 2 Fylkesutvalet vurderer at det ikkje skal leigast inn ekstra reserveferje eller gjerast endringar i ferje 2-avtalen på Austevoll

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

Atle Kvåle fremja utsetjingsframlegg.

Administrasjonen vert beden om å utgreia den økonomiske konsekvensen av å gjera dei strakstiltaka som kommunane sjølve har skissert.

Røysting

Utvalet vedtok samrøystes å utsetja saka.

Innstilling

Saka vert utsett og administrasjonen vert beden om å utgreia den økonomiske konsekvensen av å gjera dei strakstiltaka som kommunane sjølve har skissert

PS 51/15 Søknad frå Hardanger og Voss museum om løyve for båtrute på strekninga Lofthus - Aga - Utne

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tildeler Stiftinga Hardanger og Voss Museum, org.nr 987 927 704, løyve for båtrute på strekninga Lofthus – Aga - Utne på følgjande vilkår:
 - a) Ruteløyvet gjeld veteranbåtrute.
 - b) Ruteløyvet tek til å gjelde frå den dato administrasjonen har motteke og godkjent den dokumentasjon som er sett som vilkår i yrkestransportforskrifta §§ 4 b), 4 c), 6 og 7.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet tildeler Stiftinga Hardanger og Voss Museum, org.nr 987 927 704, løyve for båtrute på strekninga Lofthus – Aga - Utne på følgjande vilkår:

- a) Ruteløyvet gjeld veteranbåtrute.
- b) Ruteløyvet tek til å gjelde frå den dato administrasjonen har motteke og godkjent den dokumentasjon som er sett som vilkår i yrkestransportforskrifta §§ 4 b), 4 c), 6 og 7.

PS 52/15 Tilpassing av ferjetilbudet i Hardanger som følgje av endring i trafikkgrunnlaget

Forslag til innstilling

1. Som følgje av endra reisemønster og redusert trafikkgrunnlag vil trekantsambandet Kvanndal – Utne – Kinsarvik frå hausten 2015 utgjere to einskilde samband:
 - Kvanndal – Utne

- Kinsarvik – Utne

2. Sambanda vil frå hausten 2015 få eit rutetilbod tilpassa dagens trafikkgrunnlag.

For sambandet Kvanndal-Utne vert det lagt opp til nytt rutetilbod med mindre ferje der ein i hovudsak opprettheld dagens opningstider, men tal turar vert redusert noko slik at sambandet i all hovudsak vil ha timesfrekvens

For sambandet Kinsarvik-Utne vert det lagt opp til nytt rutetilbod der opningstida er redusert i forhold til dagens tilbod, men frekvensen vert styrka i «rush»-perioden, jf. Saksframlegget alternativ 2.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

Brev frå Ullensvang herad, dagsett 11.05.15, vart vidaresendt til medlemmane i samu same dag.

Atle Kvåle sette fram fellesforslag frå A, SP, SV, KRF om endra innstilling i pkt 2 ved å ta ut avsnitt 1 og 3 og setja inn nytt avsnitt.

For sambandet Kinsarvik-Utne vidarefører me dagens tilbod.

Stein Inge Ryssdal sette fram forslag til vedtak i tillegg til innstillinga.

Samferdselsutvalet meiner det er viktig med eit fergetilbod Kinsarvik - Utne også på kveldstid. Samferdselsutvalet ber om at det til fylkesutvalets møte blir redegjort for moglegheiten for å fjerne A/B notene på ruta og konsekvensene av dette. Kanskje kan løysinga vera skyving av kveldsskiftet eller eit ekstra mannskapsskift.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1 vart samrøystes vedteke.

Atle Kvåle sitt forslag til ny innstilling i pkt 2 vart vedteke med 8 røyster (A, SP, SV, KRF, H (Einar Lutro)).

Stein Inge Ryssdal sitt forslag til vedtak fekk 5 røyster (H (Ryssdal, Lutro, Tislevoll), FRP (Ulvund), V) og fall.

Innstilling

1. Som følgje av endra reisemønster og redusert trafikkgrunnlag vil trekantsambandet Kvanndal – Utne – Kinsarvik frå hausten 2015 utgjere to einskilde samband:
 - Kvanndal – Utne
 - Kinsarvik – Utne
2. For sambandet Kvanndal-Utne vert det lagt opp til nytt rutetilbod med mindre ferje der ein i hovudsak opprettheld dagens opningstider, men tal turar vert redusert noko slik at sambandet i all hovudsak vil ha timesfrekvens

For sambandet Kinsarvik-Utne vidarefører me dagens tilbod

PS 53/15 Val av standard på fylkesvegane

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek gjennomgangen til Statens vegvesen om vegstandard til orientering, men legg til grunn at problemstillingar knytt til standardkrav vert teke nærare opp i rulleringa av Regional transportplan

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

Uttale frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, dagsett 08.05.15, vart sendt til medlemmane av samu på e-post.

Jostein Ljones sette på vegne av SP, SV fram forslag om tillegg til innstillinga.

Eventuelle fråvik frå vegnormalane må ikkje redusera krava til universell utforming.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.
Tilleggsforslaget frå Jostein Ljones vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkestinget tek gjennomgangen til Statens vegvesen om vegstandard til orientering, men legg til grunn at problemstillingar knytt til standardkrav vert teke nærare opp i rulleringa av Regional transportplan.

Eventuelle fråvik frå vegnormalane må ikkje redusera krava til universell utforming

PS 54/15 Nedlegging av offentleg veg - Rv.13 utanfor Myrdalstunnelen

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek til etterretning at gamlevegen utanfor Myrdalstunnelen på Rv 13 vert nedlagt som offentleg veg.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

Uttale frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, dagsett 08.05.15, vart sendt til medlemmane av samu på e-post.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet tek til etterretning at gamlevegen utanfor Myrdalstunnelen på Rv 13 vert nedlagt som offentleg veg.

PS 55/15 Kontroll av køyresetlar for drosjenæringa i Bergen køyreområde

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

PS 56/15 Innbyggjarinitiativ - Sikker skuleveg, utbetring av Tunesvegen i Arna

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget viser til at planarbeidet for utbetringa av denne strekninga er starta opp. Innbyggjarinitiativet vert dekkja av denne planen.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

Tom Skauge sette fram forslag til nytt pkt i innstillinga.

Samferdselsutvalet ber om at planar om trafikkisikring vert lagt fram i år.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sitt forslag til nytt pkt vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkestinget viser til at planarbeidet for utbetringa av denne strekninga er starta opp. Innbyggjarinitiativet vert dekkja av denne planen.
2. Samferdselsutvalet ber om at planar om trafikkisikring vert lagt fram i år.

PS 57/15 Belønningsordninga - auka økonomiske rammer for 2015

Fylkesrådmannen har tidlegare understreka behovet for å styrke kollektivtransporttilbodet i samband med innføring av tidsdifferensierte takstar i bomringen i Bergen, og vil prioritere dette tiltaket først i søknad for tildeling av auka belønningsmidler 2015. Det må og understrekast ovanfor departementet at eventuelt auka tildelte belønningsmidler i 2015 også må vidareførast som ein auke i søknaden for belønningsavtale for heile perioden 2015-2018.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet viser til brev frå Samferdselsdepartementet, 26.mars 2015, om auka løyving til belønningsordninga i 2015, og søker med dette om ekstra midlar 2015 til finansiering av følgjande tiltak:

Prioritet	Prosjekt/tiltak	Søknad om finansiering
1.	<ul style="list-style-type: none">• Styrking av kollektivtransporttilbodet i samband med innføring av tidsdifferensierte satsar i Bergen• Ytterlegare styrking av kollektivtransporttilbodet i Bergensområdet	35 mill.kr 10 mill.kr
2.	Framkomsttiltak for Buss – Hesthaugvegen i Åsane bydel	7 mill.kr
3.	Sykkelbyavtale Bergen – styrka satsing på haldningsskapande arbeid retta mot barn og unge	2 mill.kr
4.	Tiltak etter sykkelveginspeksjon	5 mill.kr
5.	Haldeplassar og ventefacilitetar i Bergen sentrum	6 mill.kr
Sum søknad ekstrabevilgning belønningsmidlar 2015		65 mill.kr

2. Fylkesutvalet viser til innsendt søknad om ny belønningsavtale for perioden 2015-2018, og legg til grunn at tildelte midlar innanfor auka ramme i 2015 blir vidareført som eit tillegg i alle åra i søknaden for perioden 2015-2018.
3. Fylkesutvalet ser fram til ei rask handsaming av tidlegare innsendt søknad om ny belønningsavtale for perioden 2015-2018 og denne tilleggssøknaden for 2015, for at det kan settast i gang forberedande arbeid med sikte på tidlegast mogleg realisering av dei omsøkte tiltaka i 2015.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet viser til brev frå Samferdselsdepartementet, 26.mars 2015, om auka løyving til belønningssordninga i 2015, og søker med dette om ekstra midlar 2015 til finansiering av følgjande tiltak:

Prioritet	Prosjekt/tiltak	Søknad om finansiering
1.	<ul style="list-style-type: none">• Styrking av kollektivtransporttilbodet i samband med innføring av tidsdifferensierte satsar i Bergen• Ytterlegare styrking av kollektivtransporttilbodet i Bergensområdet	35 mill.kr 10 mill.kr
2.	Framkomsttiltak for Buss – Hesthaugvegen i Åsane bydel	7 mill.kr
3.	Sykkelbyavtale Bergen – styrka satsing på haldningsskapande arbeid retta mot barn og unge	2 mill.kr
4.	Tiltak etter sykkelveginspeksjon	5 mill.kr
5.	Haldeplassar og ventefacilitetar i Bergen sentrum	6 mill.kr
Sum søknad ekstrabevilgning belønningssmidlar 2015		65 mill.kr

2. Fylkesutvalet viser til innsendt søknad om ny belønningssavtale for perioden 2015-2018, og legg til grunn at tildelte midlar innanfor auka ramme i 2015 blir vidareført som eit tillegg i alle åra i søknaden for perioden 2015-2018.
3. Fylkesutvalet ser fram til ei rask handsaming av tidlegare innsendt søknad om ny belønningssavtale for perioden 2015-2018 og denne tilleggssøknaden for 2015, for at det kan settast i gang forberedande arbeid med sikte på tidlegast mogleg realisering av dei omsøkte tiltaka i 2015.

PS 58/15 Tidsdifferensierte bompengetakstar - kollektivtilbod og finansiering

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

Tom Skauge sette fram forslag til nye pkt i innstillinga.

3. Fylkestinget har som mål å snarast råd innføre kollektivfelt på 4-felts innfartsårer til Bergen.
4. Fylkestinget vil støtte rushtidsavgift i Bergen så snart kollektivfelt er oppretta med betre busstilbod.
5. Fylkestinget ber Regjering og Storting auke den statlege andel av kostnadene til bybane og anna kollektivinfrastruktur til 70%.
6. Satsinga for ekstra busstilbod er for svakt til å gje eit godt tilbod til dei reisande som ikkje har råd til å kjøre bil med ny rushtidsavgift

Gustav Bahus sette fram protokollmerknad.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke. Tom Skauge sitt forslag til nye pkt i innstillinga fekk 1 røyst og fall.

Innstilling

Innføring av tidsdifferensierte bompengetakster i Bergen vil gi behov for å auke kapasiteten i kollektivtilbodet i store delar av kollektivnettet. Kapasitetsaukande tiltak skal i verksettast både i og utanom rush for å oppnå best effekt av ressursane som vert sett inn. Årleg kostnadsramma er kr 35 mill, med gjennomføring frå 01.01.2016.

Tiltaka søkas finansiert med belønningssmidlar. Dersom det ikkje vert gitt tilstrekkeleg løyving over belønningssordninga, vil det vere nødvendig å omdisponere midlane i inneverande belønningssøknad for

å sikre tilstrekkeleg finansiering. Ei slik omdisponering må gjennomførast i samråd med Bergen kommune.

Protokollmerknad frå Gustav Bahus

FRP er mot tidsdifferensierte bompengar og bompengar generelt, som både finansieringsmåte og verkemiddel.

PS 59/15 Årsmeldingar for fylkesvegane i Hordaland og Bergensprogrammet

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Årsmelding til Bergensprogrammet 2014 og Årsmeldinga for fylkesvegane i Hordaland 2014 til orientering.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkestinget tek Årsmelding til Bergensprogrammet 2014 og Årsmeldinga for fylkesvegane i Hordaland 2014 til orientering.

PS 60/15 Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - forslag til justering

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet delegerer si fullmakt til å gjere vedtak etter Forskrift om yrkestransport innenlands med motorvogn eller fartøy (yrkestransportforskrifta) av 26.03.2003 nr 401, § 28, 1. ledd til fylkesrådmannen.
2. Fylkesutvalet som løyvestyresmakt delegerer si fullmakt til å gjere vedtak om tildeling av ruteløyve etter Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) av 21.06.2002 nr 45, §§ 6 og 7 til fylkesrådmannen når det er nytta konkurranse i fylkeskommunal regi.
3. Fylkesutvalet delegerer si fullmakt som løyvestyresmakt til å gjere vedtak etter Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv. av 03.12.2009 til fylkesrådmannen

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

Tom Skauge sette fram forslag til nytt pkt i innstillinga.

Plan for årleg vedlikehald og asfaltlegging vert lagt fram til politisk handsaming for samferdselsutvalet og fylkesutvalet.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sitt forslag til nytt pkt fekk 1 røyst og fall.

Innstilling

1. Fylkesutvalet delegerer si fullmakt til å gjere vedtak etter Forskrift om yrkestransport innenlands med motorvogn eller fartøy (yrkestransportforskrifta) av 26.03.2003 nr 401, § 28, 1. ledd til fylkesrådmannen.
2. Fylkesutvalet som løyvestyresmakt delegerer si fullmakt til å gjere vedtak om tildeling av ruteløyve etter Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) av 21.06.2002 nr 45, §§ 6

- og 7 til fylkesrådmannen når det er nytta konkurranse i fylkeskommunal regi.
3. Fylkesutvalet delegerer si fullmakt som løyvestyresmakt til å gjere vedtak etter Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv. av 03.12.2009 til fylkesrådmannen

PS 61/15 Ymse

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

ORIENTERINGAR

Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli, ved Thor Westergaard Bjørlo, kommunikasjonsjef Norsk Bane AS, sekretær Lyntogforum Vestlandsbanen/Hordaland orienterte om arbeidet som vert gjort i regi av forumet. Orienteringa vart etterfylgt av spørsmål frå utvalet.

Mogelegheitsstudie for fylkesvegsamband knytt til ny E39 Bergen-Rogaland. Orientering om studien v/Tord Bakke frå Sweco med innleiing av Håkon Rasmussen.

Nytt frå Skyss

Oddmund Sylta orienterte om fylgjande saker.

- Reisetal for båtrutene til Askøy og Nordhordland
- Oppgradering av trolleybussane
- Kollektivtrafikkforeningen – synte presentasjon som vart halde i samferdselsdepartementet.

YMSE

Tom Skauge sette fram fylgjande spørsmål.

1. Trafikkulukker i Hordaland

Eg viser til svar på mitt spørsmål 21. januar om ulykker i Hordaland. Svar til SAMU-møte 12. mai stadfestar at 17 menneske døyde i vårt fylke i perioden 2005-2013 i trafikkulukker der vegforholda var viktig årsak.

Vil den nye kunnskapen om trekk ved vegen som gjer risiko få fylgjer for måten trafikksikkerheitsplanlegginga vert organisert på?

Erling Hodneland frå SVV opplyste om det det regelmessig vert halde trafikksikringsrevisjonar i område med ulukker. Ein ser då på moglege løysingar for å utbetra ulukkespunkta, og det vert sett inn tiltak.

2. Ny teknologi for nye ferjeanbod

SV har i ei rekkje spørsmål og i interpellasjon etteryst saker om ny teknologi for kommande anbod for ferje og buss. Til no har det vert meldt tilbake at det er for tidleg å gje svar. På Hordaland.no kan ein no lese at «Etablering av ein vestlandsregion og ein ny og meir miljøvenleg ferjeflåte. Dette diskuterte den politiske leiinga i Hordaland fylkeskommune med kommunalkomiteen på Stortinget i Bergen i går kveld».

Er det håp om at Fylkestinget snart får informasjon om kva plass teknologi for null- og lav utslepp kan få i kommande anbod?

Oddmund Sylta opplyste om at det vil koma ei løypemelding til neste møte i samu.

3. Innbyggjarinitiativ

I sak 56/15 har SAMU til handsaming eit innbyggjarinitiativ som er sendt over frå Bergen kommune. Den viktige saka kan tyde på at Fylkeskommunen og bør ha ordningar for å lytte til sine innbyggjarar.

Vil administrasjonen ta initiativ til eit betre system for innbyggjarinitiativ etter mønster frå Bergen kommune i saker der Fylkeskommunen er ein viktig part?

Håkon Rasmussen opplyste om at det alt er eit regelverk for innbyggjarinitiativ, og denne saka syner at dette fungerer.

Alf Helge Greaker stilte spørsmål om ungdomskort gjeld på Kystbussen mellom Føyne og Leirvik.

Oddmund Sylta opplyste om at ungdomskortet gjeld fram til Haugesund på Kystbussen.

Atle Kvåle stilte fylgjande spørsmål:

Høgde på tunnelar på FV7

Arbeiderpartiet har fått innspel frå fleire langtransportfirma om avgrensa høgde vi tunnelane på Fv7. Ber om tilbakemelding på om høgda i tunnelane stettar krava til 4,20 m. Dersom ikkje ynskjer ein svar på kva planar og tiltak som ligg føre, og eventuell tidspålan for gjennomføring.

Erling Hodneland frå SVV opplyste om at alle tunnelane på Fv7 stettar krava til høgde som er 4,0 m.

Atle Kvåle sette fram oversendingsforslag.

Samu ber om at det vert greidd ut sak om mogeleg omgjerung av fylkesvegsambandet Krokeide-Hufthamar til riksvegsamband.

Forslaget vart vedteke oversendt til administrasjonen.

Gustav Bahus stilte fylgjande spørsmål.

Kva skal til for å få gjennomført nye støymålingar langs vegane. Synte til at trafikken er veksande og med det støyproblema.

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

Øyvind Hardeland sette fram protokollmerknad.

Furuberg bru – rassikring

Prosjektilstand per i dag har stor usikkerheit. Utifrå trafikkregulering på eksisterande tunnel, dårleg bru og rasutsett område, bør dette prosjektet vurderast på nytt der ein løyser desse utfordringane med ein tunnel for heile strekningen. Viser til mogelegheitsstudie 2040 der ferjesambandet Årsnes-Gjermundshamn har 1400 ådt. Nye E39 sin tilknytning mot E134 kan gje meir trafikk. Det må vera god dialog med Kvinnherad kommune i saka og den Nasjonale rassikringsnemnda bør orienterast ved første høve.